



Statens vegvesen

GUNNAR ARILD EIDE
HODNESDALSVEGEN 43
5915 HJELMÅS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
18/7532-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
06.04.2018

Svar – Fv. 391 – Søknad om avkøyrsløse – gnr. 195 bnr. 7 – Lindås kommune


Vi viser til søknad av 11.01.2018. Statens vegvesen var på synfaring på staden 07.03.2018.

Vedtaket

Med heimel i veglova [§ 40](#) avslår vi søknad om etablering av avkøyrsløse frå fv. 391 til del av eigedom gnr. 195 bnr. 7 i Lindås kommune.

Bakgrunnen for vedtaket

Du har søkt om å etablere ein landbruksavkøyrsløse som skal vere dimensjonert for traktor skogsveg. Det er opplyst i søknaden at dette er den gamle sjøvegen og vegen til nedre del av utmarka. Det er vidare opplyst at det i den seinare tid er utført utviding av fylkesvegen og at steinmassar er fylt ut i den gamle vegen.



Situasjonskart, del av gnr. 195 bnr. 7, Lindås kommune. Omsøkt avkøyrsløse til høgre.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Fartsgrensa på staden er 40 km/t og årsdøgertrafikk (ÅDT) er 900. Fylkesvegen er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesveggar i Region vest (2013 – 2016)*. Fylkesvegen er smal og har berre ei køyrebane på denne strekninga. Tiltaket ligg like ved Leknes skule og fylkesvegen er nytta som skuleveg. Det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Den omsøkte avkøyrsla er plassert like sør for Leknes bru, i ein skarp sving.

I haldningsklasse 4 legg Rammeplanen til grunn at ein normalt sett kan få godkjenning til avkøyrslar under føresetnad at dei tekniske krava til utforming vert innfridd. Eit absolutt krav vi stiller er at det skal vere tilfredstillande sikt. På synfaring målte vi sikta og vi vurderer at våre krav til sikt kan verte innfridd, dersom avkøyrsla får riktig utforming. Andre krav vi normalt stiller til utforming er at avkøyrsla skal ha svingradius etter dimensjonerande køyretøy og slik at avkøyrsla vert mest mogleg vinkla 90° på fylkesvegen. Vanleg svingradius er 4 meter. Det er også eigne krav til lengdeprofilet, slik at avkøyrsla har fall frå fylkesvegen, og at tilkomstvegen ikkje kjem for bratt på fylkesvegen.



Vegbilette 2017 ved fv. 391 Leknes bru, omsøkt avkøyrslapunkt er markert.

Ei avkøyrslar utgjer i seg sjølv ein ulukkerisiko. I søknaden er avkøyrsla og tilkomstvegen vist som ei forlenging av fylkesvegen, noko som kan misforståast av andre trafikantar dersom den vert etablert slik. Avkøyrsla som det her er søkt om ligg like vest for Leknes bru, i ein skarp sving. Dette er moment som aukar risikoen for ulukker i endå større grad. Sjølv om fartsgrensa på staden er sett ned, er ei slik plassering og utforming av avkøyrsla ikkje gunstig med omsyn til trafikktryggleiken.

Søknaden er ikkje grunngjeve ut over ynskje om å etablere tilkomst til området. Området har i dag tilkomst om kommunal veg, Hodnedalsvegen.

Statens vegvesen skal i vurderinga legge vekt på framkomme og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslar frå. Vi har vurdert søknaden og kome fram til at vi ikkje kan godkjenne

etablering av avkøyrsla slik det er søkt om. Grunngevinga for dette er mellom anna at avkøyrsla har ei uheldig plassering i ein skarp sving like ved ei bru. Denne plasseringa er ikkje er gunstig med omsyn til trafikktryggleiken. Vi legg også vekt på at dette området allereie har vegutløysing om den kommunale vegen, Hodnedalsvegen.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Pb. 43, 6861 Leikanger / firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Vedlegg

Veglova [§ 40](#)